

Ref.nr.            /2010-2011

**T i l r å d i n g**

**Forskrift om endringer i forskrift 19. september 2003 nr. 1164 om prikkbelastning, i forskrift 29. juni 1990 nr. 492 om forenklet forelegg i vegtrafikksaker og i forskrift 17. september 1993 nr. 855 om gebyr for visse overtredelser av vegtrafikklovgivningen blir fastsett i samsvar med framlagte forslag.**

**Godkjent i statsråd 20. mai 2011.**

Statsråd:  
Magnhild Meltveit Kleppa

Ref.nr.:            /2010-2011

Dato: 20.05.2011

## **REVIDERING AV PRIKKBELASTNINGSORDNINGA**

Prikkbelastningsordninga vart innført 1. januar 2004 for å gi eit enklare og meir effektivt system for reaksjon mot trafikantar som gjentekne gonger bryt vegtrafikklova og som dermed set seg sjølv og andre trafikantar i fare.

I 2008 vart det nedsett ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå Justisdepartementet, Politidirektoratet, Utrykkingspolitiet, Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet for å gå igjennom og revidera prikkbelastningsordninga. Tilrådingane frå arbeidsgruppa har vore ute på ei brei høyring og høyringsinstansane var i hovudsak positive til dei konkrete forslaga til innstramming av ordninga. Samferdselsdepartementet har bygd på tilrådingane frå arbeidsgruppa og høyringa i sitt forslag til revisjon av prikkbelastningsordninga.

Forskrift om endringar i forskrift 19. september 2003 nr. 1164 om prikkbelastning inneber som hovudregel at talet prikkar vert auka frå to til tre. Ferske førarar (dvs. i prøvetida) vil få dobbel prikkbelastning dei to fyrste åra. Virkeområdet for fartsoverskridingar vert ikkje utvida nedover, men vert haldne på dagens nivå og med auka prikkbelastning. For liten minsteavstand, køyring med motorvogn i eller over midtfelt, køyring med ulovleg trimma motorsykkel og moped og unnlatt sikring av barn under 15 år vil vera nye forhold som gir prikkar. Det vert som i dag åtte prikkar ein kan ha før ein mistar førarretten. Varselbrev skal sendast ved fire i staden for seks prikkar.

R-notat om sikring av dei administrative føresetnadene for prikkbelastningsordninga blei behandla i Regjeringa 17. august 2010. Den vidare oppfølginga i saka er i samsvar med Regjeringa

sine konklusjonar, m.a. ved at Justisdepartementet har informert om at naudsynt utstyr for å mogleggjera direkte tilgang til prikkregisteret i tilstrekkeleg grad vil vera på plass i politibilane og at desse meirutgiftene vert dekte innafor gjeldande budsjettrammer utan tilleggsøyvingar.

Prikkbelastningsordninga er eit viktig tiltak i trafikktryggleiksarbeidet. Revidert prikkbelastningsordning vil styrke trafikktryggleiksarbeidet, særleg med omsyn til den svært ulukkesutsette gruppa av unge bilførarar og deira passasjerar.

Endringsforskrifta vil tre i kraft 1. juli 2011.

tilrår:

Forskrift om endringer i forskrift 19. september 2003 nr. 1164 om prikkbelastning, i forskrift 29. juni 1990 nr. 492 om forenklet forelegg i vegtrafikksaker og i forskrift 17. september 1993 nr. 855 om gebyr for visse overtredelser av vegtrafikklovgivningen blir fastsett i samsvar med framlagte forslag.

**FORSKRIFT OM ENDRINGER I FORSKRIFT 19. SEPTEMBER 2003 NR. 1164 OM PRIKKBELASTNING, I FORSKRIFT 29. JUNI 1990 NR. 492 OM FORENKLET FORELEGG I VEGTRAFIKKSAKER OG I FORSKRIFT 17. SEPTEMBER 1993 NR. 855 OM GEBYR FOR VISSE OVERTREDELSE AV VEGTRAFIKKLOVGIVNINGEN**

Fastsatt ved kongelig resolusjon 20. mai 2011 med hjemmel i vegtrafikklov av 18. juni 1965 nr. 4 §§ 2, 31, 31a, 31b, 33 nr. 2 og lov av 10. februar 1967 om offentlighet i forvaltningen § 28 tredje ledd. Fremmet av Samferdselsdepartementet.

**I**

I forskrift 19. september 2003 nr. 1164 om prikkbelastning gjøres følgende endringer:

§ 2 første ledd nye nummer 6 til 9 skal lyde:

6. *Kjøring med motorvogn i sperreområde begrenset av heltrukken gul linje eller parallelle gule sperrelinjer, jf. skiltforskriftene § 22 trafikkskilt 1014, jf. § 21 nr. 4.*
7. *Kjøring med for liten avstand til forankjørende, jf. trafikkreglene § 5 nr. 3.*
8. *Kjøring med trimmet motorsykkel, herunder moped, jf. vegtrafikkloven § 13 femte ledd og § 23.*
9. *Unnlatt sikring av passasjerer under 15 år, jf. vegtrafikkloven § 23 a og forskrift 21. september 1979 nr. 7 om bruk av personlig verneutstyr under kjøring med motorvogn § 3 annet ledd.*

§ 3 andre ledd skal lyde:

Hver overtredelse skal registreres med *tre* prikker. Overtredelser som nevnt i § 2 nr. 1 og 2 skal likevel registreres med *to* prikker dersom fartsoverskridelsen ikke er over 15 km/t når fartsgrensen på stedet er 60 km/t eller lavere, eller fartsoverskridelsen ikke er over 20 km/t når fartsgrensen på stedet er 70 km/t eller høyere. *Overtredelse som nevnt i § 2 nr. 9 skal registreres med to prikker. Fører med prøveperiode skal registreres med dobbelt antall prikker for hver overtredelse.*

§ 3 fjerde ledd skal lyde:

Den som blir registrert med minst *fire* prikker, skal varsles skriftlig snarest mulig om prikkbelastningen og om mulige konsekvenser av ytterligere prikkbelastninger.

**II**

I forskrift 29. juni 1990 nr. 492 om forenklet forelegg i vegtrafikksaker gjøres følgende endringer:

§ 1 nr. 2 skal lyde:

2. kjøring med motorvogn

a) i strid med trafikklyssignal med fast eller blinkende lys med rød farge, unntatt lys med rød farge på tolyssignal brukt ved bomstasjon, kai eller annet område, skiltforskriften § 23 og § 24

b) *med for kort avstand til forankjørende, jf trafikkreglene § 5 nr.*

3.

kr 5200,-

§ 1 nr. 4 skal lyde:

4. kjøring med motorvogn,

a) i sperreområde begrenset av heltrukken *gul* linje *eller* *parallele gule sperrelinjer*, skiltforskriftene § 22 *trafikkskilt 1014* og § 21 nr. 4

b) på fortau, sykkelfelt (skilt 521), gangveg (skilt 518), sykkelveg (skilt 520) og gang- og sykkelveg (skilt 522), trafikkreglene § 4

c) i strid med bestemmelsene om feltvalg ved svinging, trafikkreglene § 6

d) *på eller over gul eller hvit sperrelinje og/eller i sperreområde begrenset av heltrukken hvit linje, skiltforskriftens § 22 og § 21 nr.*

4

kr 3200,-

§ 1 ny nr. 13 skal lyde:

13. *Unnlatt sikring av passasjerer under 15 år, jf vegtrafikkloven § 23a, jf. forskrift 21. september 1979 nr. 7 om bruk av personlig*

*verneutstyr under kjøring med motorvogn*      *kr*      *2000,-*

### **III**

I forskrift 17. september 1993 nr. 855 om gebyr for visse overtredelser av vegtrafikklovgivingen gjøres følgende endringer:

§ 1 bokstav i) oppheves

§ 2 skal lyde:

Gebyret er kr 500,- for alle overtredelser med unntak av § 1 f) hvor gebyret er kr 750,- og § 1 h) hvor gebyret er kr 1 500,-. Det ilegges ett gebyr for hver overtredelse.

Ulovlig kjøring med piggdekk eller kjettinger regnes som én overtredelse, jf § 1 e). *Motsatt* gis det ett gebyr for hvert dekk med ulovlig mønsterdybde, jf § 1 f).

§ 4 skal lyde:

Gebyr etter § 1 ilegges likevel ikke dersom overtredelsen framstår som særlig graverende eller særlig trafikkfarlig, eller dersom forholdet av andre grunner bør følges opp ved vanlig straffeprosessuell forfølgning. Ved bruksforbud eller førerkortbeslag skal forholdet normalt *anmeldes*.

### **IV**

Endringene trer i kraft 1. juli 2011.